



Saneringsnytt nr 3-2006

Informasjon frå smittesaneringsprosjektet Friskere geiter

<http://leine.no/htg/sanering/nytt>

Nok ein ”snappesesong” er over og det er kome til mange nye, friske kje. Arbeidet med å bygge opp ein geitepopulasjon fri for CAE, byllesjuka og paratuberkulose går sakte men sikkert framover.

Dei aller fleste opplever arbeidet som svært hardt når det står på, men er glade for å ha gjennomført det. Det er gjort eit godt arbeid, det viser dei gode testresultata.

Denne gongen vil Saneringsnytt informere om endring i tilskotsordningar og om utplukking av buskapar til sanering. Det trengst også ein grenseoppgang for arbeidsfelt som prosjektet ikkje har kapasitet eller pengar til å ta seg av. Dette blir det ein liten omtale av.

Endring i tilskotsordningar

Det er frå og med årets jordbruksforhandlingar nye reglar for utrekning av produksjonstilskott til prosjektdeltakarar. For dei av dykk som har vore med i prosjektet har det til no vore nok å leggje kontrakten de har med prosjektet ved søknaden om produksjonstilskott..

I endeleg utkast til jordbruksavtale frå juni i år står det mellom anna under hovedkapittel 6. Direkte tilskudd, side 19:

http://odin.dep.no/filarkiv/282421/jordbruksavtale_2006-2007-endelig.pdf

6.1.3 Deltakere i prosjektet ”Friskere geiter”

Kompensasjonen til deltakerne i tiltaket ”Friskere geiter” for bortfall av produksjonstilskudd pga. at deltakerne ikke har tilskuddsberettigede dyr i tiltaksperioden, samordnes med kompensasjonen for gjennomføring av smittesanering i besetningen. Førstnevnte del av samlet kompensasjon kan gis i en avgrenset periode til oppbygging av produksjonsomfanget, maksimalt for tre år. Denne utbetalingen er ikke avgrenset til å gjelde tilskudd for husdyr, men også andre aktuelle produksjonstilskudd. Det kan ikke gis kompensasjon for bortfall av tilskudd til avløsning ved ferie og fritid. Deltakere i tiltaket ”Friskere geiter” med kombinert geit- og sauehold kan også motta kompensasjon for sau, dersom det kan dokumenteres at sauene er slaktet pga. smittehensyn.

Dette betyr i praksis at frå og med fyrste søknadsomgang, den 20. august, skal det på søknadsskjemaet først opp det reelle talet på dyr. Det som då ikkje blir dekt gjennom den vanlege ordninga, skal utbetalast som ei erstatning. Denne utbetalinga skal etter planen koma om lag på same tid som resten av produksjonstillegget, tidleg i februar neste år. Det gjeld alle tilskotsordningar utanom avløysartilskottet, som så langt ser ut til å ha falle bort. **Bortfall av avløysartilskott er ei sak som prosjektleinga er i kontakt med landbruksdepartementet om**, og det er alt sendt inn klage til departementet frå geiteprodusentar. Dette kjem vi tilbake til så snart vi veit meir.

Omfanget av kompensasjonen blir altså, med unntak av avløysartilskottet, det same som før.

Økonomi og deltaking i Friskere geiter i 2007

I sluttdokumentet frå jordbruksforhandlingane for i år står det at Friskere geiter får 11 millionar kroner for 2007. Dette er eit stort beløp, men det er svært mange som vil sanere dette året, og då blir sjølv eit stort beløp for lite. Dette er nok til å erstatte ca 4000 geiter i tillegg til prøvetaking, analyse og administrasjon. Det var nesten det doble talet som var påmeldt i utgangspunktet.

I den tida prosjektet har vore i drift har det vist seg at det alltid er nokon som ikkje kan starte opp det året dei hadde tenkt. Difor er det truleg heller ikkje i 2007 så mange som til slutt gjennomfører opplegget som det er påmeldte. Det er likevel alt no nokon som har fått beskjed om at dei ikkje kan få startsignal før i 2008 eller 2009. Dei kriteria som ligg til grunn for dette utvalet skal summerast her.

Fagleg grunngeving er det viktigaste. Det er nødvendig at prosjektet er rimeleg trygg på at arbeidet vil gje gode resultat.

Samarbeid mellom produsentar på fellesstøl og fellesbeite. Prosjektet ynskjer at slike einingar synkroniserer saneringsarbeidet for best muleg ressursutnytting og minst muleg risiko for nysmitte. Det kan her vera aktuelt å få inn produsentar som ikkje har søkt, men som er nødvendige å ha med, og det kan vera aktuelt å be andre produsentar om å utsetje arbeidet.

Prioritering av ei grend, kommune eller ein region. Dersom det ligg til rette for at større område sanerer på same tid, vil prosjektet av ressursmessige omsyn prioritere det.

Til grunn for alle prioriteringar ligg eit forsøk på å utnytte best mogeleg dei ressursane prosjektet har fått tildelt.

Det kan til slutt vise seg at det i forhold til budsjettet blir for mange deltakarar i 2007. Då må alle vera førebudde på at deler av rekrutteringsbidraget kan bli utbetalt i 2008. Ein kan sjå for seg at dette kan gjelde så mykje som 25-30% av bidraget. Det betyr i praksis at ein må vente 1-3 månader på den siste utbetalinga, så det skulle ikkje bli noko stort problem for dei aller fleste. Vi vil informere meir om dette når vi har betre oversikt.

Skifte av produsentnummer

Ved kommunesamanslåingar kan det bli endring av produsentnummer. Prosjektet vil gjerne ha beskjed om slike endringar, slik at det ikkje blir ulike nummer på same eigar i registeret. Meld frå til prosjektleiar dersom produsentnummer blir endra.



Hva er ansvarsområdene for prosjektet Friskere geiter?

Det er av og til spørsmål om hvor mye prosjektet Friskere geiter kan bidra med ved andre geitehelseproblemer enn å utrydde CAE, byllesjuka og paratuberkulose hos norske geiter. For å klargjøre dette, har vi her laget en oversikt.

Hovedarbeidsfelt

Prosjektet Friskere Geiter eies av helsetjenesten for geit og formålet med prosjektet er sanering av CAE, byllesjuka og paratuberkulose hos norske geiter.

Delarbeidsfelt

Det vil også være tilgrensende arbeidsfelt som prosjektet må ta del i for å få et best mulig resultat både på kort og lengre sikt:

- Oppfølging av sjukdom med usikker diagnose
 - Bidra til undersøkelser for å finne ut om det er sammenheng mellom sjukdommen og eventuell ny smitte med de smittestoffa vi prøver å utrydde.
- Sanering av CAE, byllesjuka og paratuberkulose hos sau
 - I kombinerte besetninger og i kontaktbesetninger
- Livdyrhandel
 - Bidra med oversikt over besetninger med kje som er fri for CAE, byllesjuka og paratuberkulose.
 - Øke forståelsen for bruk av veterinærattest /egenerklæring ved livdyrhandel.
 - Bidra i organisasjonenes arbeid med å etablere et system for livdyrhandel med lav smitterisiko – Helsepyramide.

- Semin, avl
 - Samarbeide med NSG om utvikling av avlsarbeid med lav smitterisiko
- Forvaltning småfesykdommer
 - Forslag om endringer i regelverk levert Mattilsynet fra egen prosjektgruppe august 2005.
 - Jobbe for å få til enhetlig forvaltning av sykdom på sau og geit som er nødvendig for at Friskere geiter skal lykkes på lang sikt og for å beskytte sanerte besetninger.
- Metodeutvikling analysemetoder for CAE, byllesjuka og paratuberkulose.
 - Prøvetakingsregimer , sykdomstesting og nye tester for å optimalisere ressurser og resultater i saneringsarbeidet.

Lokale arbeidsfelt

Det er også kommet inn en del andre problemstillinger som har oppstått i sanerte så vel som ikke sanerte besetninger. Noen ønsker at prosjektet også skal ta seg av dette, men her trengs det en grenseoppgang. Dersom prosjektet skulle ta seg av alle geitehelseproblemer, måtte bevilgninger og personale økes drastisk.

Tilbakemeldinger til prosjektet viser at det veldig ofte er fôringsbetinga problemer som dukker opp, samt mastitt i noen besetninger. Ut fra de observasjoner som har kommet inn er det satt i gang intensivt registreringsarbeid på jurhelsestatus, infeksjoner og melkemaskinfunksjon i en del besetninger. Det er også økt fokus på informasjon og rådgiving om fôring. Forsøk med strategifôring av melkegeiter er i gang.

Nedenfor er listet en del sykdomsproblem som prosjektet Friskere Geiter har fått mange henvendelser om, men som det fortsatt er lokale veterinærer og rådgivere som har hovedansvar for å løse, i samarbeid med produsent.

- Enterotoksemi, sur indigestion og andre fôringsbetinga sykdommer i alle aldersgrupper
- Vaksineringsrutiner
- Diaré/dødsfall/svak vekstutvikling på speddyr
- Uventa forekomst av mastitt

Prosjektledelsen vil etter forespørsel i slike tilfelle bidra med råd og veiledning sammen med lokale veterinærer og rådgivere. Men prosjektet har ikke budsjettmidler til å finansiere dette besetningsarbeidet lokalt. Prosjektet kan gi generelle råd, men ikke ta seg av enkelttilfeller. Unntak er der vi har mistanke om at det kan være en sammenheng mellom sykdoms-symptomer og mulighet for uventa tilfeller av CAE, byllesjuka eller paratuberkulose. Dersom så er tilfelle, må prosjektet og lokal veterinær samarbeide svært tett og alle økonomiske forhold må avtales på forhånd. Dette har vi gjort noen ganger med svært godt resultat. Dersom det blir satt i gang behandlingsopplegg og utredninger som prosjektet ikke er informert om på forhånd, kan det i regelen ikke påregnes økonomisk støtte fra prosjektet. Det er verdifullt for prosjektet at både produsenter, veterinærer og rådgivere deler sine erfaringer med prosjektledelsen, slik at vi gis mulighet til å aktivt overføre erfaringer til alle deltagere i prosjektet i hele lande

Prosjektet er svært interessert i å følge med på hva som dukker opp av problem i de sanerte besetningene. Finner en ut at dette kan ha mer almen interesse, kan det bli tatt initiativ for å få til en bredere utredning. Så det kan absolutt være lurt å holde kontakten.

Prosjektet Friskere geiter ønsker alle lesere av Saneringsnytt en god sommer!

Vang /Molde, den 28.juni 2006

Nils Leine, prosjektleder Friskere geiter

Liv Sølverød, Helsetjenesten for geit